



VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Halland, 5764 3128
Heidi Sandvik, 5764 3151
Janne Weltzien Listhaug, 5557 2139
Nicolas J.I. Rodriguez, 5557 2184
Åshild Hjørnevik Vatshelle, 5557 2158
Astrid Holte, 5557 2319

Uttale - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan for arealbruk og mobilitet i Vestland og regional plan for verdiskaping og kompetanse i Vestland

Vestland fylkeskommunen har sendt planprogram for dei to regionale planane for *arealbruk og mobilitet*, og *verdiskaping og kompetanse* i Vestland på høyring og offentleg ettersyn. Frist for høyringa er sett til 10.10.2025.

Generelt

Fylkeskommunen har ei viktig oppgåve i bidra til å samordne arealbruk og ressursar på tvers av kommunegrensene. Statsforvaltaren tykkjer det er svært positivt at planprogramma for desse to heilskaplege planane no er på høyring.

Statsforvaltaren vonar at ein i det vidare planarbeidet tek stilling til interessekonfliktar på tvers av kommunegrensene. Dette kan òg hjelpe kommunane til å prioritere sine ressursar, sett i samanheng med ressursmessige avgrensingar.

Statsforvaltaren rår fylkeskommunen til å utforske handlingsrommet for kommunegrense-overskridande oppgåver, som treng ei felles styring for å sikre effektiv areal- og ressursutnytting. Regional planlegging er fremja som eit viktig verkemiddel for å fylgje opp berekraftsmåla og Norges nasjonale og internasjonale plikter på natur-, klima- og miljøområdet i Statlege planretningsliner for arealbruk og mobilitet (spr-am).

For enkelte tema bør fylkeskommunen vurdere regionale planføresegner for å sikre at fylket bidreg til at Noreg når sine nasjonale mål.



Fylkeskommunen sitt ansvar for vegnettet og kollektivtransport på veg og sjø krev òg eit interkommunalt perspektiv slik at ressursane vert nytta optimalt. Andre relevante tema er arealkrevjande utbygging til energi og industri, berekraftig arealbruk i sjøområda, massehandtering, beredskap og samfunnstryggleik, bustad-, areal- og transportplanlegging, trygge og gode lokalsamfunn, tettstadutvikling og senterstruktur/handel, jordvern og landbruksforvaltning.

Fylkeskommunen har her valt å arbeide med to planar samstundes, som delvis skal ha overlappende tematikk og fylgje same progresjon. Vi gir i dette brevet difor ei felles fråsegn til begge planprogramma. Nokre av temaa vi tek opp gjeld både planane, og vi ventar at det vert innarbeidd der det er relevant.

Folkehelse

I revidert folkehelselov, som trer i kraft 01.01.2026, heiter det at fylkeskommunen i regionale planar etter plan- og bygningslova skal fastsette mål, strategiar, handlingar og prioriteringar for å møte fylkets folkehelseutfordringar. I den reviderte lova følgjer også to nye prinsipp med: I samband med handlingar og avgjerder som får følgjer for barn, skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn, og at i fylker med samisk befolkning skal fylkeskommunen vere merksam på særskilte folkehelseutfordringar for samar.

Dei fem grunnleggjande prinsippa for folkehelsearbeid er elles prinsipp om å jamne ut sosiale helseforskjellar, helse i alt vi gjer, berekraftig utvikling, føre-var og medverknad. I folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027 løftar de fire utfordringar: sosial ulikskap i helse, demografiske endringar, psykisk helse og livskvalitet og klimaendringar.

Det er positivt at tema som folkehelse, oppvekstvilkår for barn og unge, universell utforming og mangfald, inkludering og integrering skal vere gjennomgåande omsyn i planane. Folkehelsearbeid handlar om samfunnsutvikling. Vi meiner at folkehelse bør konkretiserast og komme tydeleg til uttrykk i dei to regionale planane, for å bidra til å møte folkehelseutfordringane.

Samtidig med høyring av dei to regionale planane, har fylkeskommunen også rullering av handlingsprogram for folkehelse på høyring. Handlingsprogrammet er kopla til dei to regionale planane, og det er sentralt at desse to planane også ser samanhengen med handlingsprogrammet.

Det er positivt at planen for areal og mobilitet skal utforme retningslinjer for utvikling av sosialt berekraftige bustader, tilpassa ulike behov, livsfasar og lokale forhold, og samordning mellom bustad og sosial infrastruktur. Det er også positivt at planen har merksemd på mjuke trafikantar og kollektivtransport, som de skriv *«eit kollektivtilbod er viktig for dei som ikkje har høve til å køyre bil, mellom anna ungdom og eldre»*.

Vi vil her også vise til Fritidserklæringa Vestland, der signeringspartane mellom anna er einige om å jobbe for at alle barn og unge skal kunne delta i fritidsaktivitetar saman med andre og gjere det enkelt å kome seg til fritidsaktivitetar, uavhengig av kor ein bur.

Vi kan ikkje sjå at folkehelseoversikta for Vestland er lista opp blant kunnskapsgrunnlaga, og vi meiner den bør vere sentral.

Det er positivt at planen for verdiskaping og kompetanse ser menneske som ressurs, og vil jobbe for å auke gjennomføringsgraden i vidaregåande skule, god norskopplæring og brei tilrettelegging – som vil bety meistring, auka livskvalitet og betre økonomi for den enkelte. Planen løftar også



utanforskap og psykisk uhelse, og vil sjå på strukturar for å snu trenden, med mål om at alle kan delta i samfunns- og arbeidsliv ut frå sine føresetnader. Dette er viktig for utjamning av sosial ulikskap i helse.

Demografiske endringar er ein av folkehelseutfordringane i Vestland, og i folkehelseoversikta peikar de m.a. på at det blir færre yrkesaktive til å ta hand om pleietrengande eldre, og at veksten i talet eldre vil gje auke i sjukdomsbyrde og tal mottakarar av helse- og omsorgstenester. Kommunane har utfordringar når det gjeld rekruttering av personell innanfor helse- og omsorg spesielt, og dette er ei utfordring som vil auke i framtida. Fylkeskommunen er ein viktig aktør for tilbod og utdanning innanfor helse- og omsorg, og vi rår til at planen konkretiserer korleis ein kan støtte og bidra til å jobbe med desse utfordringane kommunane står i.

Arealbruk

Føremålet med den regionale planen for areal og mobilitet skal vere å fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland, der utbygginga til ulike føremål vert samordna med infrastruktur for transport, kommunikasjon, energi og tenester. Planen skal legge grunnlag for ei berekraftig, attraktiv og konkurransedyktig utvikling i heile fylket.

I omtalen av føremålet med planen er det vidare sagt at natur- og klimakrisa krev ei ny arealforvaltning som tek omsyn til naturen si tolegrense, og at planen skal utvikle prinsipp som balansere behov for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk. Planen skal samle retningslinjer og føringar for arealbruk i Vestland fylke.

Vi legg til grunn at planen får tydelege regionale føringar til hjelp for kommunane i deira arbeid med arealplanar og arealforvaltning. Føringane må vere innanfor rammene av nasjonal arealpolitikk.

Berekraftig arealforvaltning

I kapittel 2.3.1 om berekraftig arealforvaltning, peikar planprogrammet på at areal er ein verdifull og avgrensa ressurs, og at menneskeleg bruk av areal er ei av dei største drivkreftene bak naturkrisa. Dette er omtalt som ei sentral utfordring og bakgrunn for planarbeidet. Vi støttar prinsippet om å redusere arealbruken gjennom effektiv utnytting, transformasjon og gjenbruk, og vi ser det som positivt at «UFF-rammeverket» (unngå – flytt – forbedre) skal leggest til grunn.

For å nå berekraftmåla vil det vere vesentleg at planen definerer tydelege rammer for utviklinga og arealbruken, basert på analysar av dagens tilstand. Vi meiner det er eit stort behov for regional samordning og styring av arealutviklinga, for å sikre ein meir heilskapleg praksis i tråd med nasjonale føringar for heile fylket. Dette kan vere særleg aktuelt innan tema som masseforvaltning, utbygging til grøn energi og industri, infrastruktur, styring av detaljhandel, berekraftig arealbruk i sjø, bustadbygging, hyttebygging, m.m.

Fylkeskommunen bør utarbeide regionale planføresegner for å nå desse måla og gjere planarbeidet føreseieleg (jf. pbl. § 1-1). Etter statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet punkt 7.1 bør den regionale planen avklare «*overordnet utbyggingsmønster for boliger, fritidsboliger og næring, lokalisering av regionale handel- og tjenestetilbud og hovedtrekkene i transportsystemet med knutepunkter for kollektivtrafikken*».

Vi rår også til at fylkeskommunen vurderer om regionale kart kan vere eit verktøy for å synleggjere regionale prioriteringar.



Handelsføresegner

Det er føresegner for handel i begge dei tidlegare fylka Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkeskommunen skal i arbeidet med den regionale planen vurdere gjeldande føresegner for handel som verkemiddel. Vi meiner at dei regionale føresegnene er eit godt verkemiddel for å styre utviklinga på dette området, og for å sikre ein heilskapleg regional praksis. Feil lokalisering av handel vil kunne få store konsekvensar for tettstadar og transportmønster.

Vi rår til at fylkeskommunen vidarefører (reviderer) handelsføresegnene. Definisjon av arealkrevjande og ikkje arealkrevjande handel bør vidareførast i planane for å sikre felles tolking i regionen.

RATP Bergensområdet

Det er føreslege å vidareføre Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028, denne planen må sjåast i samband med utarbeiding av ny byvekstavtale og vurderast ut frå dei innskjerpa føringane i dei statlege retningslinjene for arealbruk og mobilitet (spr-am).

Næring

Etter punkt 3.6 i spr-am skal ein ved *etablering av kraftkrevende næring og industri [vurdere] mulighetene for energiforsyning*. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er det også sagt at: «*Regionale planar kan vere eit godt verktøy for å sjå næringsareal i samanheng med blant anna energibehovet, kraftproduksjonen og kapasiteten i kraftnettet og annan infrastruktur. Regionale vurderingar og avvegingar vil kunne bidra til å redusere konflikhtar, vurdere areal- og energibehova på tvers av kommunegrensene og styrkje utviklinga i regionen*». I det same forventingsdokumentet er det og lagt til grunn at «*Regionale planar må utarbeidast i tett samarbeid med kommunane for å sikre god forankring og ei felles forståing av korleis planane skal følgjast opp*».

UFF-rammeverket skal i følge planprogramma leggjast til grunn for lokalisering av areal- og ressurskrevjande næring. Vi er samde i at dette er eit viktig prinsipp. For ein del type næring vil det vere ein fordel at regional plan har teke stilling til alternativ lokalisering, noko som krev at dei regionale planane er godt utgreidd.

Natur og friluftsliv

Vi rår til å handsame og vurdere natur og friluftsliv som to separate tema. Ikkje alle naturtypar og økosystem har høg toleranse for ferdsel og bruk. Tyngre tilrettelegging for friluftsliv bør avgrensast til naturområde som toler auka ferdsel og tilrettelegging, og primært styrast til sentrumsnære område.

Vi rår til å utarbeide tydelege regionale planføresegner og retningslinjer som sikrar ivaretaking av natur, karbonrike areal, biologisk mangfald og landskap i tråd med nasjonale føringar, jamfør mellom anna spr-am punkt 3.10. «*Muligheten for å bygge innenfor eller i tilknytning til eksisterende byggeområde*» skal som kjent kartleggast og utnyttast før det vert vurdert å ta i bruk nye område avsett til LNF og grøntområde til utbyggingsføre mål. Vi ventar at fylkeskommunen koplar dette til arbeidet med arealrekneskap og utarbeiding av eventuelle regionale planføringar som sikrar høg utnytting og gjenbruk av areal.

Kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning

Dette er tre omfattande tema, med ulike omsyn og utfordringar, og bør difor handsamast kvar for seg.



I følge planomtalen skal planarbeidet *«vurdere korleis statlege retningslinjer for strandsona kan bli integrert i kommunale planar tilpassa Vestland sine behov»*. Det er uklart for oss kva som ligg i dette. Vi legg til grunn at planarbeidet ikkje legg opp til ei regional tolking i strid med eit nasjonalt viktig tema, då dette kan gjere planlegginga meir uoversiktleg for kommunane og undergrave eit nasjonalt viktig tema.

Berekraftig arealforvalting i sjø krev samarbeid mellom kommunane, og regionale planar kan her vere eit eigna verktøy. Vi viser til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging at: *«Kystsona er under aukande press, og oppdaterte planar er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa. Lokalisering av nye område for akvakultur må vurderast i eit regionalt og interkommunalt perspektiv.»*

Arealbruk i sjø skal skje innafor rammene for mellom anna naturmangfaldslova, vassforskrifta og laks- og innlandsfiskelova. Det er viktig at det ikkje vert lagt opp til føringar eller bruk i strid med desse.

Klima

Planprogramma gjev klima lite plass, sjølv om klima blir omtala som eit viktig tema. Noreg har eit lovfesta mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Om vi skal nå dette målet, må all planlegging vere innretta mot dette. Kommunane spelar ei nøkkelrolle i å gjere tiltak for å kutte i klimagassutsleppa frå Noreg, der ein sentral del av dette er knytt til arealbruk.

Jordvern og landbruk

Landbruk og jordvern bør få tildelt meir plass i planane. Økosystemtenestene som landbruk leverer er ikkje omtalt.

I planprogram for areal og mobilitet (RPAM) punkt 2.3.2 om *Regionalt utbyggingsmønster* står det at *«planen skal leggje til rette for berekraftig næringsutvikling gjennom samordna arealbruk»* der mellom anna landbruk *«får rom til å utvikla seg»*, og 2.3.3.1 er eit eige delkapittel om jordbruksareala og jordverninteressene. Desse måla signaliserer at fylkeskommunen vil ta ei synleg og leiande rolle når det gjeld vern av jordressursane i fylket. I det følgjande vil vi peike på kopling til andre tema i planen.

Planprogram for verdiskaping og kompetanse nemner ikkje landbruksnæring eller landbrukskompetanse. Fylkeskommunen er viktig for landbruksrelaterte kompetansemiljø innan vidaregåande- og vaksenopplæring, og kan samarbeide med fag- og FoU-miljø i fylket for kompetanseutvikling.

I regional plan for areal og mobilitet kan fylkeskommunen gjennom sin rolle som utviklingsaktør innan landbruk arbeide for å sikre driftsvilkår. Fylkeskommunen skriv at *«planarbeidet skal sikre matjorda gjennom eit sterkt jordvern, i tråd med nasjonale mål og fylket sitt jordvernmål»*. Som fylkeskommunen er inne på i punkt 2.3.3.1 er matproduksjon, beredskap og klimatilpassing nært knytt til jordvern. Vi rår til at fylkeskommunen utarbeider regionale planføresegner for å sikre desse viktige omsyna.

Tilhøvet mellom regional *Temaplan landbruk* og dei to regionale planane bør gjerast tydelegare. Utfordringane for landbruksutviklinga, som er knytt til arealbruk, bør sjåast nærare på i dei regionale planane, og det bør vurderast å lage strategiar og arealføringar for å avgrense nedlegging av gardsbruk i aktiv drift. Vestland har særskilte utfordringar med bruksutvikling og rasjonalisering,



grunna topografi og arrondering og konkurranse om areal, og fylkeskommunen bør difor vurdere om det trengst egne strategiar tilpassa regionale tilhøve.

For jordvern- og arealtiltak er det fleire område der fylkeskommunen som regional planleggar kan påverke. I punkt 2.3.2.1 om *Bustadutvikling og bumiljø* rår vi til å utarbeide retningslinjer i samsvar med statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet, og at *bustadføremaal* i senterområde får rett (høg) utnytting. I meir rurale strok må ein unngå nedbygging av viktige areal, slik som til dømes landbruksjord.

Fylkeskommunen bør i planane og som vegstyresmakt arbeide for å redusere tap av fulldyrka areal, naturverdiar og sikre berekraftig bruk av overskotsmassar.

Masseforvaltning

I *Handlingsplan for en sirkulær økonomi* frå Klima- og miljødepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet, står det følgjande:

«Rene overskuddsmasser er en ressurs som bør ombrukes så langt det er mulig. Ombruk av overskuddsmasser reduserer behovet for uttak av nytt byggeråstoff og arealbeslag knyttet til permanente massedeponi. Det kan også redusere transportbehovet og utslipp av klimagasser. En mer bærekraftig forvaltning av overskuddsmasser krever samarbeid mellom offentlige og private aktører, gjerne på tvers av kommunegrenser. Det er foreslått en rekke tiltak som kan bidra til dette i rapporten fra den tverrsektorielle arbeidsgruppen. Rapporten følges opp i ulike prosesser som involverer mange departementer».

Vi meiner at eit viktig siktemål med regional plan er å bidra til betre ressursbruk og meir sirkulær økonomi, og ikkje minst ivaretaking av nasjonale og vesentlege regionale interesser. Vi viser til nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, punkt 44, som gjeld masseforvaltning. Regjeringa ventar at heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planarbeidet må svare ut forventninga, med nødvendig oversikt, retningslinjer og eventuelt regionale planføresegner. Statleg planretningslinje for klima og energi har i punkt 4.3 bokstav j føringar for massehandtering i plan, og denne må sjåast i samanheng med spr-am. Statsforvaltaren er i tildelingsbrev for 2025 bedt om å følgje opp at massehandtering blir avklart i regionale og kommunale arealplanar. Vi gir difor ei utfyllande tilbakemelding på dette temaet.

Vi opplever at kommunane har eit særleg behov for rettleiing og støtte i sitt arbeid med massehandtering. I Vestland fylke blir det produsert store mengder med overskotsmassar, utan at det ligg føre ei oversikt over massehandtering. Fleire større infrastruktur- og utbyggingsprosjekt bidreg til masseoverskotet av reine massar i fylket. Reine jord- og steinmassar er ein ikkje-fornybar ressurs. Det er viktig å auke bruken av desse, og samstundes minske arealbeslaget knytt til massedeponi.

Manglande informasjon om produksjon, kvalitet og gjenbruk i Vestland, gjer arbeid med masseforvaltning utfordrande. I dag har ein berre oversikt av uttak av massar som fell under minerallova (DMF ressursrekneskap). Sjølv om ein har eit overskot av massar i fylket, vert det framleis teke ut fjell, sand og grus frå masseuttak. I tillegg blir det ofte deponert massar i staden for å vurdere løysingar for gjenvinning av overskotsmassane. Det er viktig å prioritere gjenbruk og materialgjenvinning før deponering av massar.

Eit betre oversyn over overskotsmassar med omsyn til kvalitetar, eigenskapar, mengde og bruksområde, saman med regionale føringar, kan bidra til berekraftig, langsiktig og heilskapleg forvaltning. Vi ventar at arbeidet med regional plan for arealbruk og mobilitet hentar inn kunnskap frå kommunane og andre relevante aktørar. Det er bra at Vestland fylkeskommune prioriterer dette



temaet i planprogrammet for regional plan for arealbruk og mobilitet. Temaet må sjåast i nær samanheng med regional plan for verdiskaping og kompetanse, og massehandtering bør inngå i punkt 3.1.2 om «Sirkulær økonomi».

Den regionale planen bør prioritere retningslinjer for naturlege jord- og steinmassar som ikkje er ureina over normverdien (jf. ureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1), og som ikkje inneheldt framande skadelege artar, jf. forskrift om framande organismar § 24 fjerde ledd. Det er dei reine massane vi har mest overskot av. Gjenbruk av ureina massar bør berre brukast viss det ikkje er tilgang på reine overskotsmassar. Elles vil dei reine massane bli fortrent til fordel for ureina massar. Ureina massar må reinsast (i godkjente behandlingsanlegg) før bruk.

I avsnitt 2.3.2.5 i høyringsutkastet til planprogram for regional plan arealbruk og mobilitet, blir det vist til at planarbeidet skal *«utvikle retningslinjer for lokalisering av mottaks- mellomagrings og gjenvinningsanlegg –for overskotsmassar (reine/forureina) frå byggje- og infrastrukturtiltak og rivemassar, sett i samanheng med blant anna stasjonære uttak av pukk og grus»*. Planen må svare ut dei nasjonale føringane. Avsnittet må utvidast for å sikre at planlegginga oppfyller målet om at heilskapleg masseforvaltning. Døme her er regional plan for masseforvaltning i Akershus (vedtatt 24.10.2016), og regional plan for massehandtering på Jæren 2018-2040.

Vi rår til at regelverket, myndighetsforhold og roller knytt til masseforvaltning vert gjennomgått. Retningslinjer og målsetjingar for regional plan og masseforvaltning bør vere eintydige. Det bør vurderast bruk av regionale planføresegner for å sikre at krava til massehandtering vert handsama likt i regionen og med omsyn til behovet for regionale behandlingsanlegg for å sikre ei berekraftig, langsiktig og heilskapleg masseforvaltning. Vi tilrår ei klargjering av sentrale omgrep og definisjonar.

Ressurspyramiden som er definert i avfallsdirektivet skal leggjast til grunn for massehandsaming. Avklaring av massebalanse (gjennom til dømes masserekneskap) må vurderast og avklarast tideleg i planprosessar. Fylkeskommunen bør vurdere å setje føringar for kor tid uttak av massar krev grunnundersøking (dvs. eigenskapar, type, kvalitet, bruksområde for overskotsmassar), for å sikre rett bruk av overskotsmassane (sjå til dømes regionalplan for massehandtering på Jæren og Oslo kommune sin rettleiar for massehandtering 2025).

Samfunnstryggleik og beredskap

Vi ser at «samfunnssikkerheit og beredskap» er med i opplistinga av gjennomgåande omsyn i planprogramma, og at «naturfare og klimatilpassing» er eit eige tema under kapitel 2.3. om «berekraftig arealforvaltning». Samfunnstryggleik og beredskap er vesentlege omsyn i alt planarbeidet, og vi rår til å konkretisere nærare korleis dette skal innarbeidast i dei to regionale planane. Det er viktig at de tek omsyn til uønskte hendingar i heile krisespekteret, frå krise til krig.

Medverknad

Planprogrammet syner under pkt. 3.2 kompetanse og inkludering at det er utfordrande å sikre at arbeidslivet får den kompetansen dei treng i tida framover, gitt den usikkerheita og endringane dei står ovanfor i dag. Vidare er det eit mål å få til høg grad av gjennomføring i utdanningssystemet.

Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og kan vere ein viktig aktør for kommunane gjennom nettverksbasert kompetanseheving. De skriv at planen må sjå på korleis fleksibiliteten i utdanningssystemet kan utviklast i takt med omstillingsbehovet i arbeidslivet, både når det gjeld kva for tilbod som skal gis, kvar det skal gis og i kva form det skal gis. Planprogrammet kunne gjerne vore meir tydeleg på korleis de tenkjer fleksibilitet, om det t.d. er i utdanningsomfang,



målgrupper, eller særlege måtar de vil tilrettelegge på. Det kunne då vere lettare å sjå kven som bør involvere seg i arbeidet og korleis de skal leggje til rette for at aktuelle aktørar kan medverke.

I både planprogramma er det synt til at fylkeskommunen vil «*søke å legge særskilt til rette for involvering av barn og unge*». Etter plan og bygningslova § 1-1 skal omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår særleg takast omsyn til i planlegginga. Etter § 5-1 om medverknad i pbl., er det eit særleg ansvar å leggje til rette for grupper som treng spesiell tilrettelegging, slik som barn og unge. Etter rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 3 bokstav b, skal fylkeskommunen:

«i samråd med fylkesmannen, så langt det er mulig veilede og gi kommunene nødvendig støtte til å sikre barn og unges interesser i kommunens planarbeid i henhold til pkt. 4 og 5 i disse retningslinjene.»

Statsforvaltaren vurderer at punkt 4 også er relevant i denne planen. Som det kjem fram av oversendingsbrevet skal planprogrammet gjere greie for opplegget for medverknad. Vi rår til at fylkeskommunen gjer tydlegare greie for korleis medverknadsprosessen er lagt opp, og særskilt for barn og unge.

Vi ser fram til at desse viktige heilskaplege regionale planane kjem på plass, og ønskjer å bidra i det vidare planarbeidet der det er formålstenleg.

Med helsing

Synnøve Stalheim
avdelingsdirektør

Sarah Kvåle Skouen
fungerande seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent